

Haustetilrådingar per 6.okt 2015 (etter prøveuttaking 6.okt)

Det er i dag teke ut nye "ordinære" prøvar av Aroma på seine stader i tillegg til ein førsteuttaksprøve for Rubinstep.

Raud Aroma/ Aroma

Det er teke ut prøvar frå Sogndal, Feios, Vangsnes og Fresvik – alle karakterisert som seine stader.

Resultata dei fleste stader viser at epla er enno litt faste og sukkeret enno litt lågt medan stiveverdiane endrar seg raskt. Grunnfargen er begynt å koma, sjølv om den framleis skin litt i grønt. Feios skil seg litt ut ved å ha markant mjukare epler og høgare sukkerverdi, sjølv om stivenedbrytinga er ganske lik som for dei andre stadene. Alle prøveuttaka ligg no innanfor rettleiande streifindeks for at det er hausteklart.

Sjølv om grunnfarge og sukkerinnhald ikkje er ideelt, så må ein no grunna den raske nedbrytinga av stive uansett byrja å plukka utor også på dei seinaste stadene. Dette fordi at epla skal ha att litt lagringsevne på lager. Epla må også koma på kjøøl snarast etter plukking.

Nytt ellers evt. finvør til å plukka vanleg Aroma slik at de unngår fingermerker på epla.

Rubinstep

Det er teke ut ein første uttaksprøve på Slinde. Resultata viser at det er for tidleg å hausta denne sorten enno.

Dette er siste prøveuttak for Aroma/Raud Aroma for i år, men det vil bli teke ut nokre fleire prøvar av Rubinstep frametter for å følgja utviklinga på denne sorten.

Mvh

Sognefrukt og NLR Sogn og Fjordane